# Innkalling til møte i rådet
# ved Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 19. april 2017 kl. 12.15

**Stad:** seminarrom 301 i HF-bygget.

**Desse er kalla inn:**
Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk), Shouhui Zhao (kinesisk), Brita Lotsberg Bryn (russisk), Synnøve O. Rosales (spansk) og Åsta Haukås (tysk)
Frå gruppe B: Frank Weigelt
Frå gruppe C: Anna Polster
Frå gruppe D: Aleksander Tenvik Bergli, Lars Ask, Kari Johnsen Skjelvik og Birgitte Vågnes Bakken.

*Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla.*

**Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

**Sak 2 – godkjenning av referatet frå 8. februar 2017**
Referatet vart sendt ut med e-post 8. februar 2017.

Det har kome inn ei justering til sak 5, frå Margery Vibe Skagen. I tråd med dette er første avsnittet under sak 5 om HF-2018 endra til følgjande i referatet:

*To ulike brevutkast basert på innspel frå fagmiljøa låg til grunn for drøftinga i møtet. Det eine vart sendt ut saman med innkallinga. Det andre vart delt ut i sjølve rådsmøtet.*

**Sak 3 – orienteringssaker**

**Sak 4 – Rekneskap 2016 og budsjett 2017 (vedlegg 1)**

*Framlegg til vedtak: Instituttet tek til vitende rekneskapen for 2016 og godkjenner budsjettet for annuum i 2017.*

**Sak 5 – Diskusjonssaker (vedlegg 2)**

Bemanning 2018-2019
Utteljing for emneansvar for ekstra krevjande emnekoordinering
Førebuingstid
Utteljing for fagkoordinatorvervet – differensierte satsar

**Sak 6 – ymse**

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

## DISKUSJONSNOTAT FOR INSTITUTTRÅDET 19. APRIL 2017

### 1) Bemanning fra 2018/2019 - Budsjettbrev 2018 – Diskusjonssak (saken kommer opp som vedtakssak i forbindelse med budsjettbrevet 2018 på rådsmøte 14.juni)

I den inneværende dekanperioden har det vært mye fokus på bemanning på grunn av fakultetets dårlige økonomi. Den gjeldende bemanningsplanen ble satt til side i 2016 og planen var å sette ned en arbeidsgruppe for å se på kriteriene denne er basert på. Dette har fakultetet imidlertid nå overlatt til neste dekanat, og i mars la fakultetsledelsen fram et forslag for fakultetsstyret om hvordan man skulle prioritere stillinger de neste tre årene (2018-2020). Fakultetsstyret vedtok imidlertid ikke forslaget fra fakultetsledelsen, men bestemte at et forslag til oppdatert langsiktig bemanningsplan for 2018-2022 legges fram for fakultetsstyret i september basert på gjeldende kriterier (Sak 17/17, 21.mars). Det betyr at utlysning av eventuelle ledige stillinger vil følge kriteriene for den bemanningsplanen som ble satt til side i 2016. Den var basert på tall fra 2011-2014, men vi vil få nye oppdaterte tall i september. Basert på tallene som ble lagt fram for fakultetsstyret 16.6.2015 vil situasjonen for IF se ut som skissert i dette notatet. Nedenfor oppsummeres fag for fag med hensyn til nåværende ressurser og dimensjonering for faget **ut fra den gamle bemanningsplanen**. Oppdaterte tall vil nødvendigvis kunne forandre på dette.

#### a) Fag som ikke har Master

**Arabisk**: 1,5 stilling BA-grad + Nettarabisk (EVU). Master skal legges ned.
I følge bemanningsplanen[1] er beregnet stillingsressurs 3 (NB! Uten master blir kanskje tallet 2).

➔ **Arabisk mangler minst en 50 % stilling i følge bemanningsplanen.**

**Kinesisk**: 2 stillinger + 1 sendelektor
I følge bemanningsplanen er beregnet stillingsressurs 2 (Faget har ikke master)

➔ **Kinesisk har tilstrekkelig bemanning.**

---

[1] Bemanningsplanen vi her referer til, er den som ble lagt fram for fakultetsstyret 16.06.2015, ettersom det er de siste tallene vi har. Minimumsbemanning var i følge denne planen 3, men det ble likevel gjort vurderinger som tilsa at 2 var tilstrekkelig for enkelte fag.

**Japansk**: 2 stillinger
I følge bemanningsplanen er beregnet stillingsressurs 2,4, men man anser likevel at 2 skal være tilstrekkelig bl.a. fordi faget ikke har master. Selv om faget ikke har master virker det urimelig å fravike minimumsbemanning på 3 for et fag med så høy produksjon (se vedlegg).

- ➔ **Japansk har ikke tilstrekkelig bemanning. Mangler minst 0,4 % stilling i følge bemanningsplanen.**

**b) Fag som har Master men ikke PPU**

**Italiensk**: 2 stillinger fra høst 2018, (en i litteratur og en i språk).
I følge bemanningsplanen er beregnet stillingsressurs 3.
Diskusjon: Opprettholde master?

- ➔ **Italiensk trenger en tredje stilling dersom master skal opprettholdes.**

**Russisk**: Fra høsten 2019 vil faget ha 3,5 stillinger: to i litteratur, en i lingvistikk og to språkpedagoger i til sammen 50 %. Faget har ikke PPU.
I følge bemanningsplanen er beregnet stillingsressurs 3,5.

- ➔ **Russisk har tilstrekkelig bemanning i følge bemanningsplanen (se for øvrig leders kommentarer lenger nede).**

**c) Fag som har Master, PPU og er i lektorprogrammet**

**Fransk:** Faget får i 2017 erstattet en stilling i litteratur og har da to stillinger i lingvistikk og litteratur. De har fått tilført en 50 % stilling i fagdidaktikk i 2017. Faget har en 20 % universitetslektor fram til 31.12.2018Faget har fra 1.1.2019: 5 stillinger: to i lingvistikk, to i litteratur, en i fagdidaktikk.
I følge bemanningsplanen er beregnet stillingsressurs 4,4

- ➔ **Fransk har tilstrekkelig bemanning i følge bemanningsplanen.**

**Tysk:** Faget har fem faste stillinger: tre i litteratur (en stilling ble overført fra FOF av fakultetet), en i lingvistikk og en fagdidaktiker. I tillegg har de en DAAD-lektor med assistent (knyttet til UiB og vgs og ikke en del av bemanningsplanen).

I følge bemanningsplanen er beregnet stillingsressurs 3,5

- ➔ **Tysk har tilstrekkelig bemanning i følge bemanningsplanen (men skjevt fordelt mellom litteratur og lingvistikk).**

**Spansk språk og latinamerikastudier**: Faget har fra 1.1.2018 sju[2] stillinger: to i litteratur, to i lingvistikk, to i historie og en i fagdidaktikk. Faget har i 2017 fått tilført 50 % stilling i fagdidaktikk og fått erstattet en stilling i historie. I tillegg har faget 1,4 stillinger knytt til EVU/Nettspansk.
I følge bemanningsplanen er beregnet stillingsressurs 7,1 (inkludert 1,4 EVU) = 5,7 stillinger for campusstudiet.

- ➔ **Spansk har tilstrekkelig bemanning i følge bemanningsplanen.**

**Engelsk:** Faget har fra 1.1.2018 totalt 13 (14[3]) stillinger: fem (seks) stillinger i lingvistikk, fem stillinger i litteratur (to knyttet til amerikansk litteratur/kultur + tre knyttet til britisk litteratur/kultur). Faget har dessuten en Fullbright-professor i amerikansk litteratur (med en assistent, mest knyttet til vgs?). Faget har 3 stillinger i fagdidaktikk. Det høye antallet studenter på engelskfaget og fagets betydning i lektorprogrammet + ENGMAU, gjør at engelskfaget står i en særstilling ved instituttet
I følge bemanningsplanen er beregnet stillingsressurs 13,6

- ➔ **Engelsk har behov for minst 0,6 stilling i følge bemanningsplanen.**

**NB! Nye tall for alle fagene kan forandre på de ovennevnte beregningene (se oversikt over studiepoengsproduksjon 2013-2016 i vedlegg).**

**Instituttleders kommentarer:**
Slik instituttleder ser det må minimumsbemanning ved IF også ta hensyn til at fagene våre er disiplinbaserte og nedenfor følger noen forslag til prinsipper vi kan tilstrebe ved instituttet. Disse kan være grunnlag for fremtidige prioriteringer innenfor instituttet når vi skal be om reansettelse, omdisponere ledige stillinger og be om stillinger utenfor rammen:

a) Fag med kun BA-grad (og kun språklige emner) må ha en minimumsbemanning på to stillinger (inkludert ordninger med sendelektorer/språkpedagoger)[4].

---

[2] Ikke inkludert den stillingen som er i permisjon i 2017 pga overgang til annen stilling.
[3] En meldt avgang, men ikke formelt sagt opp enda.
[4] Dersom det innføres 4-årige BA-grader i arabisk, kinesisk og japansk, vil det føre til økte bevilgninger sentralt fra UiB/KD.

b) Fag med disiplinbasert BA-grad og MA-grad må ha en minimumsbemanning på to førstestillinger per disiplin.[5] (Lingvistikk og litteratur + historie for Spansk språk og latinamerikastudier)
c) Fag med lektorutdanningen/PPU må ha minst én stilling i fagdidaktikk.
d) I tillegg må vi ta høyde for antall studenter, produserte studiepoeng, publikasjoner, Ph.d.-studenter (i tråd med bemanningsplanen).
e) Engelskfaget står i en særstilling ved instituttet på grunn av høye studenttall og stort veiledningsbehov på master (lektorutdanningen og ENGMAU), og må derfor ha en høyere bemanning per disiplin (i tråd med bemanningsplanen).

Vi må i budsjettbrev 2018 be om å få reansette i de stillingene vi skal ha for å opprettholde minimumsbemanning (ut fra ovennevnte er det arabisk, engelsk, italiensk og japansk). Det er ikke sikkert at vi får reansette i alle stillingene og vi må derfor lage en prioritert liste. I tillegg må vi diskutere behov for de andre fagene og spille inn ønsker for stillinger utenfor rammen. **Til diskusjon:**. Hvilke behov skal vi spille inn i budsjettbrevet? Skal vi be om å få reansette alle de ledige stillingene, eller skal vi be om å få omdisponere noen ledige stillinger til andre fag? Skal vi, for eksempel, legge master i italiensk på is fra høsten 2018?

**2) Uttelling for emnenansvar ved ekstra utfordrende emnekoordinering (diskusjonssak)**

Det er kommet inn forslag fra flere om å få utvidet antall timer for emnekoordinering. Det gjelder i hovedsak to forhold:

a) Forhold som gjelder når foreleser har ansvar for mer enn en kode i undervisningen og hvor kodene skal ha forskjellig pensum og eksamensform. Dette gjelder særlig i forbindelse med emner som brukes i lektorutdanningen (forkortet versjon av et ordinært emne). Vi har fått inn et forslag om at emneansvar økes med 10 timer for hver kode.

b) Fagdidaktikk der det er spesielle utfordringer når det gjelder emnekoordinering som i flere tilfeller må koordineres på tvers av fagene både innad på IF og med LLE. Fagdidaktikerne har sammenlignet med fagdidaktikk på LLE og der differensieres uttellingen med 10, 15, 20 eller 25 timer alt etter arbeidsmengde for

[5] Dette vil bl.a. bety at både russisk og tysk bør få tilført en stilling i lingvistikk.

de ulike emnene.
Fagdidaktikerne på engelsk foreslår følgende uttelling for fagdidaktikkemnene på engelsk: ENGDI101 – 25 timer, ENGDI111 – 15 timer, ENGDI201 – 25 timer/15 timer (alt etter når studentene drar på utveksling), ENG301 – 25 timer.

I retningslinjer for fagkoordinatorer heter det under Kompensasjon at:

> **3. Kompensasjon**
>
> Kompensasjon for vervet er fastsett av instituttleiar. Oppgåva som emneansvarleg gjev normalt ti timar utteljing kvart semester. Visse særleg krevjande emne kan gje høgare utteljing, inntil 25 timar i semesteret. Den høgare utteljinga vil først og fremst gjelde tverrfaglege emne.

Å heve antall timer for emnekoordinering fører ikke til at vi får flere ressurser og vi må uansett holde ressursbruken innenfor tilgjengelige ressurser. Det er i følge reglene leder som bestemmer dette, men vi ønsker at dette diskuteres i rådet.
**Diskusjon:** Skal fagkoordinator få ansvar for å bestemme hvilke emner som skal få ekstra timer for emnekoordinering innenfor tilgjengelige resurser? Bør vi sette ned en komite til å vurdere sider ved arbeidstidsregnskapet (se også neste sak).

3) **Forberedelsestid (diskusjonssak)**

Alle **forelesninger** har forberedelsestid faktor fire. Imidlertid er det stor forskjell på å forberede et nytt tema på et emne på 200- eller 300-nivå og en forelesning hvor man bruker en lærebok (gjelder på fremmedspråkene som starter uten forkunnskaper). Vil det være rimeligere å kalle disse timene for **seminarer** med faktor 3 eller faktor 2,5?
**Diskusjon:** Er det mulig/ønskelig å differensiere forberedelsestiden for forskjellig type undervisning? Er det opp til fagene selv å bestemme? Nedsette en arbeidsgruppe?

4) **Differensiert uttelling for fagkoordinering (diskusjonssak)**

Det er ikke rimelig å ha samme antall timer for å koordinere alle fag. Fagene er forskjellig mht til antall ansatte, om de har BA + MA, og om de er en del av lektorutdanningen har PPU eller ikke.

Ledelsen foreslår herved følgende justerte satser for fagkoordinering av fagene og vil gjerne høre rådets mening om dette.

| **Fag** | **Nåværende antall timer** | **Justert antall timer** |
|---|---|---|
| Arabisk BA (ikke MA fra 2018) | 160 | 100 |
| Japansk BA | 160 | 100 |
| Kinesisk BA | 160 | 100 |
| Russisk BA + MA | 160 | 130 |
| Fransk BA + MA+ lektor + PPU | 160 | 160 |
| Spansk og LA-studium BA + MA+ lektor + PPU | 160 | 160 |
| Tysk BA + MA+ lektor + PPU | 160 | 160 |
| Engelsk BA + MA+ lektor + PPU + EngMau | 160 (Hovedkoordinator/HK) 96 (koordinator for den disiplinen (lingv./litt.) HK ikke dekker) | 160 + 96 |

## Vedlegg

For å få en **pekepinn** på de nye tallene kan vi se på studiepoengsproduksjonen for IF fra 2013 – 2016 (Tall fra DBH http://dbh.nsd.uib.no/statistikk/). Tallene viser antall 60 stp. Disse tallene avviker noe fra regnemåten i bemanningsplanen, men de sier noe om økning og nedgang i fagenes studie-poengsproduksjon. Selv om det ikke bare er studiepoengsproduksjon som bestemmer behov for stillinger gir disse en pekepinn på utvikling de siste fire årene.

| FAG | 2013-2014 | 2015-2016 | Kommentarer |
|---|---|---|---|
| Arabisk BA | 25,67 | 28,33 | Økning |
| Arabisk MA | 1,25 | 4,5 | Økning |
| Engelsk BA | 168,25 | 177,08 | Økning |
| Engelsk MA | 59,75 | 52 | Nedgang |
| Engelsk År | 13,91 | 21,33 | Økning |
| ENGMAU | 16 | 26,25 | Økning |
| Fransk BA | 28,50 | 27,67 | Stabilt |
| Fransk MA | 18,50 | 9,17 | Nedgang |
| Fransk År | 8,83 | 5,25 | Nedgang |
| Italiensk BA | 16,03 | 20,75 | Økning |
| Italiensk MA | 5,25 | 7 | Økning |
| Japansk BA | 70 | 113 | Stor økning |
| Kinesisk BA | 15,5 | 28,25 | Økning/Oppstart h2013 |
| Russisk BA | 23,7 | 34,34 | Økning |
| Russisk MA | 13,08 | 8,83 | Nedgang |
| Spansk LA BA | 95,09 | 74,42 | Nedgang |
| Spansk LA MA | 22,83 | 24,84 | Stabilt (men merkbar nedgang fra 2015-2016 fra 17,17 til 7,67) |
| Spansk ÅR | 9,08 | 3,84 | Nedgang |
| Tysk BA | 23,00 | 13,92 | Nedgang |
| Tysk MA | 8,83 | 11,92 | Økning |
| Tysk ÅR | 2,59 | 5,5 | Økning |
| Integrert lektor/ Lektorutdanning | 82,58 (2013) 85,67 (2014) | 204 | Økning[6] |
| Interk. Komm. BA | 32,50 | 9.84 | Avviklet |
| I tillegg er det statistikk for EVU-emner (tysk, spansk, kinesisk) men den er ikke tatt med her. | | | |

[6] Disse tallene representerer engelsk, fransk og tysk (fag I) og engelsk, tysk, fransk og spansk (fag II). Vi har ikke brutt ned disse tallene, men en pekepinn er studentenes valg av fag I: 2014 – Eng (23), Fransk (2), Tysk (3); 2015 – Eng (20), fransk (0), tysk (5); 2016 – Eng (33), fransk (7), tysk (5).

# Driftsbudsjettet ved Institutt for framandspråk: Rekneskap 2016 og Budsjett 2017

Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av driftsbudsjettet ved Institutt for framandspråk, først om årsresultatet for 2016 og deretter budsjettet for 2017. Driftsbudsjettet ved instituttet er todelt, og fakultetet ser i stadig sterkare grad desse to delane som separate:
ANNUUM: Dette er dei «frie midlane» instituttet disponerer. Løyvingane her er først og fremst resultatmidlar og ulike vikarmidlar. Midlane vi har på annuum, blir brukt til vikarar, sensorhonorar, bøker og utstyr, reiser, individuelle driftsmidlar, hms-tiltak, mm.
ØYREMERKTE INTERNE PROSJEKT: Dei største postane her er vidareutdanninga, driftsmidlane til stipendiatane og dei små driftsmidlane.

**Resultat 2016**
Ved starten av 2016 vedtok instituttrådet eit driftsbudsjett der det vart skissert at det reelle underskotet kunne koma opp mot to millionar kroner.[7] Dette ville då ikkje berre inkludera reint underskot, men òg bundne forpliktingar som instituttet måtte ta med seg og tildela på nytt neste år. Det vart òg lagt fram ei eiga orienteringssak i fakultetsstyret i september om den økonomiske situasjonen ved Institutt for framandspråk.[8] Her var fakultetet meir optimistisk enn det instituttet var i starten av året, men forventa likevel eit underskot:

Instituttets tildelinger består i stor grad av øremerkede midler, mens behovet for finansiering først og fremst er på ordinær drift (annuum). Prognosen består av et forventet overforbruk på ordinær drift på ca. 850 000 kr, mens det på øremerkede prosjekter forventes en rest på ca. 500 000 kr, til sammen et overforbruk på 350 000 kr.

Resultatet for 2016 viser at vi kom betre ut av året enn frykta. For å bøta på problema med å finansiera den ordinære drifta (annuum), er eit oppsamla overskot på Nettspansk i 2016 omsider blitt overført frå dei øyremerkte prosjekta til annuum. Denne overføringa var på heile 1.8 millionar[9]. Etter dette enda instituttet opp med eit overskot på over 900 000 kroner på annuum ved utgangen av året[10]. Av dette overskotet trekte fakultetet inn mesteparten, slik at instituttet berre fekk med seg 88 000 kroner frå i fjor og over til annuum i 2017. Samstundes er vi i minus på kring 800 000 kroner på dei interne prosjekta når vi reknar med forpliktingane vi har med oss[11].

I denne situasjonen er det rimeleg opplagt at instituttet må få tilbakeført mesteparten av overskotet fakultetet trekte inn frå annuum. Vi har vore i kontakt med fakultetet om dette og reknar med det vil gå i orden – slik at vi får tilbakeført dette overskotet dels til annuum og dels til dei øyremerkte prosjekta. Med dette utgangspunktet er vi noko meir optimistiske enn vi var ved starten av 2016.

---

7 Instituttrådet 24.2.2016, sak 4.
8 Fakultetsstyret 6.9.2016, sak 45/16.
9 E-post frå Annhild Fetveit 2.2.2017.
10 Brev frå fakultetet 16.1.17 om «Budsjett 2017 – fordeling av grunnbevilgning ti institutt og sentre»
11 Brev frå fakultetet 24.2.17 om «Budsjett 2017 – fordeling av grunnbevilgning til institutt og sentre»

Instituttet har vedteke og sett i verk innsparingar, ikkje minst for å redusera utgiftene til løn og honorar. Størsteparten av driftsbudsjettet ved IF går til løn og lønsrelaterte utgifter. Det har vore ein klar nedgang i desse utgiftene frå 2015 til 2016. I neste omgang fører dette òg til ein klar nedgang i dei lønsrelaterte sosiale kostnadene som må dekkast ved instituttet, frå nesten 800 000 i 2015 til vel 350 000 i fjor. Ein tredje faktor som slo positivt ut i 2016, var overhead-inntektene frå eksternfinansierte prosjekt, som var på nesten 900 000 kroner. Størsteparten av dette overskotet kom frå Dei nasjonale prøvane, LINGCLIM- og CONVAR-prosjekta.

**Budsjett 2017**

***Inntektene*** på annuum er for det første ulike vikarmidlar frå fakultetet. Desse utgjer i 2017 litt under 1.3 millionar kroner. Så lenge utgiftene til løn og honorar (vikarbruken mm) held seg innanfor denne summen, dekkjer fakultetet dei sosiale kostnadene. Instituttet må sjølv dekkja 35 prosent sosiale kostnader på alle løns- og honorarutgifter som går ut over 1.3 millionar kroner.

På driftssida er resultatmidlane den klart største inntektsposten. Denne summen baserer seg på undervisningsresultat (særleg studiepoeng) og forskingsresultat i 2015. Instituttet har i år fått ein skikkeleg prognose for overhead-inntekter frå dei eksternfinansierte prosjekta. Denne summen er kalkulert til litt under 300 000 kroner, og det er om lag ein tredel av den tilsvarande summen i 2016.

Instituttet har lagt inn at vi vil få tilbakeført frå fakultetet det meste over overskotet som vart inndrege ved utgangen av 2016, og har budsjettert med at 450 000 av denne tilbakeføringa blir lagt inn på annuum og resten på dei øyremerkte prosjekta.

| **INNTEKTER ANNUUM 2017** | |
|---|---|
| **LØN** | |
| Vikarmidlar knytt til avgangar og utlysing av stillingar | 660 000 |
| Vikarmidlar arabisk V17 | 179 000 |
| Vikarmidlar spansk språk (permisjon V17 og H17) | 220 000 |
| Vikarmidlar fransk (fødselspermisjon H17) | 110 000 |
| Støtte frå UiB sentralt til engelsk fagdidaktikk V17 | 71 000 |
| Vikarmidlar tysk (omsorgspermisjon V17 og H17) | 44 000 |
| **SUM** | **1 284 000** |
| **DRIFT** | |
| Resultatmidlar inkl. programsensur | 2 766 000 |
| Støtte til Fulbright-ordninga | 78 000 |
| Instituttet sin del av driftsmidlar til stipendiatane | 208 000 |
| HFs formidlingspris (Fløttum) | 25 000 |
| Overføring frå 2016 | 88 000 |
| Frikjøpsmidlar frå Aldringsprosjektet (Skagen) | 127 200 |
| Inntekter frå eksternfinansierte prosjekt (overhead) | 287 300 |
| Støtte til språkpakken | 60 000 |
| Tilbakeført frå fakultetet (overskot 2016) | 450 000 |
| **SUM** | **4 089 500** |
| **TOTALT** | **5 373 500** |

På ***utgiftssida*** legg instituttet opp til eit stramt budsjett for å unngå underskot. Særleg viktig er det å halda nede dei lønsrelaterte utgiftene sidan desse utgjer ein så stor del av budsjettet ved IF.

Budsjettet på neste side viser først dei <u>lønsrelaterte kostnadene</u>. Her er dei tilsvarande tala for 2016 tekne med for samanlikninga si skuld. Ser ein først på sensurutgiftene ved instituttet, går over halvparten med til engelskfaget. Utfitene som er ført under undervisning på dei ulike faga, går i all hovudsak til vikarar i undervisninga. Arabisk har vikar i 100 prosent stilling første halvdelen av 2017. Engelsk har ei viss vikarhjelp på engelsk fagdidaktikk våren 2017, støtta med ekstra vikarmidlar frå UiB sentralt. I tillegg har engelsk Fulbright-ordninga

som den største utgiftsposten i 2017 (til saman 156 000 kroner), men halvparten av denne eigenbetalinga får vi dekt gjennom ein overføring frå fakultetet. Det er nytt av året at fakultetsdelen av Fulbright-finansieringa blir ført over til instituttet og går via oss, så 2017-tala kan derfor ikkje samanliknast heilt med 2016-tala her. Fransk har høge vikarutgifter i 2017, men det er fordi faget har svært redusert mannskap, særleg i haustsemesteret (ei vakant stilling, ein fødselspermisjon, to forskingsterminar, eitt frikjøp). Italiensk og kinesisk greier seg utan, eller nesten utan vikarmidlar. Japansk har mange studentar og sterkt undervisningspress, og har fått lov til å henta inn vikar tilsvarande timane som går til fagkoordinatorvervet. Russisk og tysk har ein viss, men ikkje særleg stor vikarbruk knytt til permisjonar, fagkoordinatorverv og forskingstermin. Spansk har vikarbehov knytt til fagdidaktikk og historie.

Av øyremerkte tildelingar innanfor annuum, er det sett av 45 400 til gjesteforelesingar. Eit par mindre støttesummar er sette av til studentarrangement i regi av fagutvala (10 000) og feltarbeid o.l. for masterstudentar (35 000). Som i fjor, set instituttet heller ikkje i år av midlar til å støtta utanlandsopphald for stipendiatar. Slike opphald må finansierast av eigne driftsmidlar og eventuell støtte frå Meltzerfondet. Individuelle driftsmidlar blir stilt til disposisjon med 3 000 kroner til kvar fast vitskapleg tilsett, på same vis som tidlegare. Dette skulle gje ein sum på over  150 000 kroner. I fjor vart likevel berre 84 300 av denne tildelinga brukt,

| **UTGIFTER ANNUUM 2017** | | |
|---|---|---|
| | **2016 rekneskap** | **2017 budsjett** |
| **LØN** | | |
| Arabisk, undervisning | 207 334 | 248 800 |
| Arabisk, sensur | 20 332 | 22 000 |
| Engelsk, undervisning | 180 888 | 207 448 |
| Engelsk, sensur | 439 315 | 400 000 |
| Fransk, undervisning | 336 200 | 659 384 |
| Fransk, sensur | 50 254 | 53 000 |
| Italiensk, undervisning | 64 346 | 5 000 |
| Italiensk, sensur | 20 209 | 22 000 |
| Japansk, undervisning | 101 826 | 78 260 |
| Japansk, sensur | 21 832 | 23 000 |
| Kinesisk, undervisning | 0 | 0 |
| Kinesisk, sensur | 19 838 | 21 000 |
| Russisk, undervisning | 188 669 | 69 326 |
| Russisk, sensur | 36 091 | 39 000 |
| Spansk, undervisning | 244 990 | 250 000 |
| Spansk, sensur | 63 716 | 67 000 |
| Tysk, undervisning | 70 214 | 81 059 |
| Tysk, sensur | 74 222 | 77 000 |
| SUM | **2 140 276** | **2 323 277** |
| Sosiale kostnader | 357 342 | 363 747 |
| **SUM** | **2 497 618** | **2 687 024** |
| **ØYREMERKTE MIDLAR** | | |
| Gjesteforelesarar | | 45 400 |
| Fagutval og studentarrangement | | 10 000 |
| Feltarbeid masterstudentar | | 35 000 |
| Individuelle driftsmidlar | | 110 000 |
| Driftsmidlar, formidlingspris | | 25 000 |
| Driftsmidlar, prosjekt (overført) | | 139 000 |
| Driftsmidlar, instituttleiar | | 50 000 |
| Driftsmidlar, undervisningskoordinator | | 20 000 |
| Driftsmidlar, forskingskoordinator | | 20 000 |
| Romanistkonferansen | | 60 000 |
| Programsensur | | 190 000 |
| Forskarskulen i litteratur | | 35 000 |
| Støtte til søknadsskriving | | 50 000 |
| Administrativ kompetanseutvikling | | 40 000 |
| HMS-tiltak | | 30 000 |
| **SUM** | | **894 400** |
| **ANDRE UTGIFTER** | | |
| IT-utstyr | 211 931 | 220 000 |
| Telefoni | 165 675 | 170 000 |
| Kopi, skrivarar, utskrifter | 23 380 | 25 000 |
| Møblar | 41 830 | 45 000 |
| Kontorutstyr | 42 106 | 45 000 |
| Bøker | 31 596 | 34 000 |
| Bevertning, representasjon, gåver | 156 186 | 150 000 |
| Reiser | 206 443 | 200 000 |
| Tilbakebetaling for Digitysk | | 300 000 |
| Ymse driftsutgifter | 424 698 | 500 000 |
| **ANDRE UTGIFTER** | | **1 689 000** |
| **TOTALT** | | **5 270 424** |

og budsjettposten er sett til 110 000 kroner i 2017-budsjettet.

Sidan instituttsamanslåinga i 2007 har det vore sett av ein årleg pott med driftsmidlar til instituttleiar, 150 000 kroner. I praksis har instituttleiar fordelt vidare mykje av desse midlane til andre føremål, eller late ein stor del av summen gå tilbake til felleskassa ved instituttet. Midlane er disponert slik i 2017: 60 000 til den nordiske romanistkonferansen, 20 000 til undervisningskoordinator, 20 000 til forskingskoordinator og 50 000 disponible for instituttleiar (inkl. vidarefordeling til andre).

Summen til programsensur inkluderer både reisekostnader og honorar, og svarar til summen som vart brukt i 2016.

Dei <u>andre utgiftene</u> på annuum er midlar som ikkje er sette av spesielt til enkeltpersonar eller grupper, men meir ordinære driftsutgifter: it, telefoni, møblar, bøker, servering og representasjon, mm. Reiser som ikkje er finansierte av øyremerkte tildelingar, er òg lagde inn her. Også her er utgiftene i 2016 tekne med til samanlikning, og budsjettala frå i år er stort sett basert på tala for 2015. Unntaket er tilbakebetalinga for Digitysk. Her fekk instituttet midlar frå Noregsuniversitetet til å utvikla ein modernisert variant at tysk vidareutdanning, men vi måtte gje opp prosjektet og betala tilbake pengane. Tilbakeføringa skulle vore gjennomført i 2016, men summen vart ikkje overført før i år. Kategorien «ymse driftsutgifter» inneheld ein del utgifter til løn, småutstyr og materiell, undervisningstenester, trykkeutgifter, aviser og tidsskrift, konferanse- og kursutgifter, porto og diverse driftstilskot.

Som ein ser av budsjettet, er det sett opp ein ***balanse*** i annuum med eit lite overskot: inntekter på 5 373 500 og utgifter på 5 270 424. Når det gjeld dei øyremerkte interne prosjekta, har vi, slik det er påpeikt ovanfor, med oss forpliktingar som er om lag 800 000 kroner større enn dei disponible midlane. Vi reknar med at ein del av dette vil falla bort gjennom ei tilbakeføring frå fakultetet av overskotet som vart trekt inn ved årsavslutninga 2016. Frå og med hausten 2017 reknar vi òg med at inntektene frå vidareutdanninga vil gå opp på grunn av det nye spansktilbodet innanfor Kompetanse for kvalitet-ordninga. Så sjølv om instituttøkonomien er krevjande, er utsiktene noko lysare ved starten av 2017 samanlikna med same tidspunktet i fjor.

*Framlegg til vedtak: Instituttet tek til vitende rekneskapen for 2016 og godkjenner budsjettet for annuum i 2017.*